

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND

19 86

Namnet på vatnet Riplandstjerna
Kommune Sokndal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg i samarbeid med fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen.

R I P L A N D S T J Ø R N A

Fiskeanalysen vart foreteken den 18. sept. 1986.

Vatnet ligg i Sokndal kommune, på sørsida av Saurdalsvatnet, og grensar for ein del til gardsvegen til Ripland.

Det er eit lite vatn og arealet omlag 1.25 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men jamt over er det grunt over det heile.

Stranda består for det meste av stein og fjell, og botntilhøva gjørme.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner for ein stor del om skogsmark, kor furu- og bjørkeskog er dominerande.

Vegetasjonen i vatnet er frodig med mykje nøkkeroser, flotgras, brasmegras, siv- og algevegetasjon.

Det største bekketilsiget fell inn på sørsida og avlaupet renn ut i aust og går til Rekefjord.

Gjennomstrøyminga er liten.

Dei kjemiske tilhøva.

Det vart ikkje teke vassprøver for nærare analyse, men pH-målingar i tilsigsbekken og ute på vatnet, synte begge 6.4. Fargen på vatnet er gullig-brun og indikerar påverknad av humus (myr).

Fisk m.v.


Vatnet har vore fisketomt, men for eit part år sidan vart tilsigsbekken kalka.

I 1985 vart det for fyrste gong sett ut fisk - i alt 1 500 setjefisk.

For å sjå utfallet av fiskeutsetjinga m.v. vart då dette prøvefiske foreteke.

Det vart sett ut 3 garn av ymse maskestorleik (22-24-32 omf.) og resultatet etter 1 fangstnatt vart 57 aurar og 1 røyr.

Fordeler vi fangsten på garnomfara, og vidare på cm-klassar, får vi desse grafiske framsyningane.



Prøvefiskar.

Det vart teke prøver av 25 fiskar og av desse var 7 røde, 9 lys-røde og 9 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 14 hofiskar og 11 hanfiskar.

Alle fiskane var gytefisk (ingen gjellfisk).

6 av fiskane var angripne av parasittar.


Medelvekta av heile fangsten var 180.8 gram og den største fisken 240 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	lår	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	3.8	7.8	13.0	18.2	22.9	25.3
Årleg lengdetilvekst i cm	3.8	4.0	5.2	5.2	4.7	2.4
Antall fiskar	24	24	24	24	22	11

Medel kondisjonsfaktor = 1.03 tilseier fisk av god kvalitet

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Riplands-tjørna og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr år).



Konklusjon.

Ut frå det foretekne prøvefisket kan vi slå fast, at tilhøva for fiskeproduksjon i Riplandstjørna er gode, noko som då skuldast det utførte kultiveringsarbeidet i form av kalking og fiskeutsetjing.

Ein kan vidare slå fast, at det utsette setjefiskantalet er langt i overkant av det som ville ha vore høvande, men når fiskekvalitet og kondisjonsfaktor er såpass gode, skriv dette seg frå det næringsforrådet som har maganisert seg i vatnet dei åra som vatnet har vore fisketomt.

Den utførte kalkinga av tilsigsbekken har gitt positiv effekt og ein gunstig pH.

Cm-klasseinndelinga syner einsarta storleik på fisken, noko som igjen skriv seg frå liten alders-variasjon av setjefisken.

Vekstkurven er ikkje så god som ynskjeleg, men dette vil retta på seg ved å intensivera fisket i åra framover.

Under prøvefisket vårt vart det også fanga 1 røyr. Denne må då ha blitt sett ut saman med auren, og skulle det nå vera mange av dette slaget, vil ein kunna få eit røyrbestand i Riplandstjørna. Røyra har stor formeringsemne, og såleis lette for å bli dominerande, i vatn kor aure og røyr går saman.

Praktiske tiltak.

Kalkinga må halda fram og ved å ta fleire pH-målingar gjennom året, til ulike årstider, vil ein kunna finna fram til høvande kalkdosering.

Vidare kan ein med fordel fiske opp ein god del av den utsette fisken, og ikkje setja ut ny fisk, i dei næraste 2-3 åra.

På denne måten vil ein kunna betre fiskekvaliteten og få fiskebestandet meir i samsvar med det næringsforrådet som det er grunn til å tru at vatnet vil by på i åra framover.

Kalkinga av tilsigsbekken kan også føre til ei viss naturleg rekruttering og dermed redusera ei event. framtidig fiskeutsetjing.

I fall det ikkje skulle bli nemnande naturleg formering, vil

eit framtidig høvande utsetjingstal vera omlag 100 stk. setje-
fisk pr. år. Det vil sjølvsagt spela inn kor mykje fisk som
blir oppfiska gjennom året.

Vatnet er lite og oversikteleg, og fiskebestandet lett å
halda under kontroll.

Ein bør starta opp med fiskekortsal for stangfiske for på
denne måten å få inn nokre kroner til vidare kultiveringsarbeid.
Garnfiske må berre grunneigarene få driva og då med stormaska
garn, for å nyttiggjera seg den større fisken.

Etter 3-4 år må det takast ein ny fiskeanalyse.

Stavanger 3/6-87

Einar Berg